



Løa til venstre vart ein historisk stad

Uskedalen er ein historisk stad for indremisjonen. Det var i løa til Hans Døsland det første møtet i samskipnaden vart halde 2. pinsedag i 1864. Difor er det t naturleg at vår bygd har ein betydeleg plass i jubileumsboka som no føreligg og som Asle Hetlebakka har æra for. For her er det reelt å bruke ordet ære, for boka på 150 sider er av høg kvalitet både skriftleg og med omsyn til layout og bilete..

Eit blikkfang i boka er ei dobbeltside der toget marsjerar forbi bautasteinen i Uskedalen ved 125-årsjubileet i 1989. Ellers er det sjølvstekt bilde av staden der stiftinga fann stad og vi festar oss ved eit mektig foto av eit syngjande kor - også det her i bygda.

Eit av dei sterkaste inntrykka gjer boka fordi ein får møta så mange av dei som opp gjennom åra har gjort ein innsats. Her er ingen gløymt og ingen gøymt, etter kva vi kan forstå. Det er ein slik presentasjon som skapar optimismen og god lagånd i ein organisasjon.

Ein uskedaling som vi møter er ikkje unaturleg Tormod Myklebust, men kvar er biletet av han - det burde stått ved sida av bedehuset!

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen



Songkor i Uskedalen, eit mektig skue